



# Felles Landbrukskontor ÅLA



Årsmelding 2012

## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Tilskotsforvaltning .....	4
2.1	Sentrale ordningar.....	4
2.2	Lokale ordningar – tilskot og fond .....	8
3	Lov og regelverksforvaltning.....	9
3.1	Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaking .....	9
3.2	Skogbruk – diverse .....	10
3.3	Viltlova .....	11
3.4	Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag.....	12
3.5	Naturmangfoldlova .....	12
3.6	Andre lovar .....	12
4	Andre oppgåver og tiltak .....	13
4.1	Prosjekt sau og utmark .....	14
4.2	Gardskart prosjekt.....	15

### ***Framsidedfoto:***

Geiter i Underdal. Foto: Ingunn B. Skjerdal

Stovehuset *Ne for sjøen* – Indre Offedal. Foto: Magnhild Aspevik

Ljøsne – ved Jutlamannen. Foto: Magnhild Aspevik

## 1 Innleiing

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har inngått avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Felles Landbrukskontor. Lærdal kommune er vertskommune og avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane. Samarbeidet starta 1.7.2007.

Kontoret skal tilby betre tenester samla enn kva kommunane klarer kvar for seg. Kontoret skal gje råd, rettleie og informere brukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor kontoret sitt ansvars- og arbeidsområde. Arbeidet omfattar lov- og regelverksforvaltning og tilskotsforvaltning (næringsarbeid) mm.

### *Organisering*

Kontoret er lokalisert i Lærdal rådhus. På rådhuset i Aurland er det eit kontor til disposisjon. Det har vore bemanna om lag 50% av arbeidstida. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og ansvar for rekneskap.

Kostnadane med kontoret skal fordelast slik:

Årdal kommune: 16 %

Lærdal kommune: 54%

Aurland kommune: 30 %

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld.

Rådmannen i Lærdal har det øvste administrative ansvaret for Felles Landbrukskontor ÅLA. Avtalen vart godkjend på nytt i 2010 med 4 stillingsheimlar. Endring av fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane.

### *Tilsette i 2012*

Magnhild Aspevik	Landbrukssjef	90%
Solgun Haugen	Sakshandsamar	100%
Ingunn Bårtvedt Skjerdal	Sakshandsamar	100%
Gunnstein Husdal	Prosjektmedarbeidar gardskart	34%

Det er inngått avtale om å leiga oppgåver knytt til kommunal viltforvaltninga hjå Aurland Fjellstyre. Denne avtalen gjeld frå mai 2012. I 2012 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi og Håkon Øydvin og utgjer 446,5 timar (om lag 25% stilling). Før avtalen vart inngått, vart det leigd tenester til viltforvaltning hjå Trygve Skjerdal.

### *Sakshandsaming*

Felles Landbrukskontor ÅLA gjer administrative vedtak og førebur saker for politisk handsaming.

Tabell 1 Tal saker med vedtak handsama og førebudd for handsaming av Felles Landbrukskontor ÅLA

Kommune	Årdal	Lærdal	Aurland	Tal vedtak adm/politisk
<b>Administrative vedtak</b>	5	35	47	<b>87</b>
<b>Politisk handsama</b>	26	15	20	<b>61</b>
<b>Tal saker pr kommune</b>	31	50	67	<b>148</b>

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

Tabell 2 Samlerapport for økonomiske verkemiddel som kontoret har vore sakshandsamar for

Kva	Samla sum kr:
Produksjonstilskot	
Avløysar refusjon sjukdom, ferie og fritid	
Manuelle utbetalingar	32 230 996
SMIL-midlar – løyvd tilskot	942 040
RMP-mildar	1 835 457
Investeringsmidlar til organisert beitebruk	27 000
BU-midlar – løyvd tilskot	3 390 500
Årdal lokale tilskot	83 328
Lærdal lokale tilskot	357 946
Aurland lokale tilskot	64 415
Viltfond - utbetaling	183 385
Fellingsavgift – innkrevjing	190 040
Skog – diverse tilskot	1 907 945
Verdsarvmidlar	2 238 260
Veterinærvakta – driftstilskot og kommunalt tilskot	1 091 295
<b>Sum</b>	<b>44 542 607</b>

### "Bygdeutviklingskontor"

Mange viktige tema og saker er innom kontoret. Landbrukseigedomar og naturressursar er utgangspunkt for utvikling av ulike prosjekt som skapar aktivitet. Arbeidsdagane på kontoret er spennande og interessante. Me arbeidar med utfordringar som har mykje å seie for den enkelte og for utvikling av bygdene og kommunane. Dei tilsette på kontoret har stort nettverk og er eit bindeledd mellom dei tre kommunane både administrativ, politisk og på fag og grunneigarnivå. Kontoret har og stort nettverk utanfor kommunane. Dette er viktig for å marknadsføra og skapa gode kontaktar for saker me arbeidar med. Til dømes er *Prosjekt sau og utmark* utvikla gjennom dette nettverket.

## 2 Tilskotsforvaltning

### 2.1 Sentrale ordningar

#### *Produksjonstilskot i jordbruket*

Tabell 3 Beløp utbetalt produksjonstilskot og avløysartilskot ÅLA 2012

	Årdal	Lærdal	Aurland
Produksjonstilskot 2012	1 443 703	14 979 451	11 098 892
Avløysartilskot 2012	195 541	2 311 150	1 721 670
Totalt utbetalt 2012	1 639 217	17 290 601	12 820 562
<b>Totalt utbetalt ÅLA 2012</b>		<b>31 750 380</b>	

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

**Tabell 4 Beløp og tal søknadar som er utbetalt manuelt i samband med søknad om produksjonstilskot ÅLA 2012**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Manuell utbetalingar 2012	-	126 499	107 125
Tal saker	-	4	7

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Dette er utbetalingar som kjem etter dei sentrale utbetalingane. Det skuldast søknad som vart stoppa, for lite utbetalt avløysartilskot, problem med innrapportering av leveranse frukt/bær, systemfeil på lammeslakt frå Mobilslakt. Ingen av utbetalingane skuldast feil hjå søkjar, men feil i rapporteringssystemet hjå SLF.

**Tabell 5 Oversikt over krav om tilbakebetaling av produksjonstilskot i ÅLA 2012**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Beløp	222	4146	713
Tal saker	1	2	1

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Ved ein feil hadde SLF betalt ut distrikts- og kvalitetstilskot til søkjarar som hadde levert under minstekvantum. Kommunane fekk i oppdrag å krevja tilbake desse pengane.

**Tabell 6 Oversikt over tal søknadar om produksjonstilskot og tal kontrollar i ÅLA 2012**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Januar 2012	8	87	60
August 2012	11	101	69
<b>Totalt tal søknadar om produksjonstilskot</b>	<b>19</b>	<b>188</b>	<b>129</b>
Tal kontrollar januar 2012	1	5	3
Tal kontrollar august 2012	1	7	4
<b>Totalt tal kontrollar</b>	<b>2</b>	<b>12</b>	<b>7</b>

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

### **Velferdsordningane i jordbruket**

#### *Avløysing ferie og fritid*

Dette er ei refusjonsordning som går innunder søknad om produksjonstilskot i januar. Maks avløysartilskot vert bestemt ut frå dyretalet 1.1 året før. Avløysartilskot ferie og fritid som er utbetalt i 2012 er refusjon av utgifter til avløysar i 2011. For beløp sjå tabell 3.

#### *Avløysing ved sjukdom m.v.*

Avløysing ved sjukdom m.v. er ei refusjonsordninga der ein gardbrukar kan få tilbakebetalt utgifter til avløysar i samband med t.d. eigen sjukdom med sjukmelding.

**Tabell 7 Oversikt over tal saker og utbetalt beløp i samband med søknad om tilskot til avløysing ved sjukdom m.v i ÅLA 2012**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Utbetalt beløp	-	78 584	168 408
Tal saker	-	7	6

Kjelde: FMLA

*Tidlegpensjon i jordbruket*

Dette er ei ordning som jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år kan søkja på. Det er krav om at det må ha vore eit eigarskifte, og det er bestemte krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama ein søknad om tidlegpensjon i jordbruket i ÅLA i 2012.

**Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar**

SMIL-midlane er midlar frå landbruksoppgjeret som vert fordelt til kvart fylke.

Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunen er ansvarleg for forvaltning av midlane etter gjeldande forskrift og lokal tiltaksstrategi for SMIL-midlar. Det er utarbeidd ny tiltaksstrategi for kommunane våre som gjeld for perioden 2013 -2016.

**Tabell 8 SMIL-midlar tal, søknadar og midlar til fordeling i Årdal, Lærdal og Aurland**

	Årdal	Lærdal	Aurland	Sum
Tal søknadar total	7	19	31	57
Søknadssum totalt	806 800	1 586 600	3 128 200	5 521 600
Tal innvilga søknader	5	18	27	50
Søknadssum innvilga søknader	747 300	1 494 600	2 944 200	5 186 100
<b>Løyvd tilskot</b>	<b>130 000</b>	<b>371 355</b>	<b>441 685</b>	<b>942 040</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

**RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk**

*”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane skal stimulera til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylke. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår. Tilskota i miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode til samfunnet”* (henta frå Rettleingshefte 2012)

Alle føretak som kan søkja på produksjonstilskot i jordbruket, har landbruksdrift i Sogn og Fjordane og oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søkja.

**Tabell 9 Oversikt over utbetalingar i 2012 for dei ulike ordningane innan Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i ÅLA inkl. driftstilskot organisert beitebruk etter søknadsomgangen i 2011**

Tilskotsordning	Årdal	Lærdal	Aurland
Stølsdrift med mjølkeproduksjon	-	48 000	264 000
Drift av bratt areal	21 351	75 578	443 679
Skjøtsel med ammegeit og kje	-	33 925	48 725
Beitedyr i verneområde	5 600		186 550
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne, steingardar og bakkemurar	19 089	222 038	80 067
Skjøtsel av styvingstre	-	9 000	22 500
Driftstilskot til organisert beitebruk	8 380	48 005	29 500
Skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker	-	195 110	64 360
Bevaringsverdige husdyrrasar	-	4 000	6 000
<b>Tal søknadar som har fått utbetaling</b>	<b>10</b>	<b>44</b>	<b>57</b>
<b>Totalt utbetalt for søknadsomgangen</b>	<b>54 430</b>	<b>635 656</b>	<b>1 145 381</b>

Kjelde: FMLA

**Tabell 10 Tal søknadar på Regionalt miljøprogram Sogn og Fjordane i 2012 og driftstilskot til organisert beitebruk i ÅLA i 2012**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Tal søknadar på RMP i 2012	8	44	53
Tal kontrollar	1	3	3
Søknadar organisert beitebruk 2012	2	1	4
<b>Totalt tal innkomne søknadar</b>	<b>10</b>	<b>45</b>	<b>57</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

**Investeringsmidlar til organisert beitebruk**

Søknadar vert handsama og tilrådd av kommune. Fylkesmannen godkjenner og løyver midlar. Kommunen godkjenner tiltak og tilrår utbetaling.

**Tabell 11 Beitelag og søknadar om investeringsmidlar til organisert beitebruk**

	Beitelag	Tiltak	Tilskot
Lærdal	Lærdal sankelag	Utbetring av bru og tilkomstveg, 2012	11 000
	Lærdal sankelag	Sankekve, 2012	4 000
	Lærdal sankelag	Saltsteinautomatar, 2012	1 000
	Lærdal sankelag	Radiobjøller, 2012	3 000
Aurland	Vestfjelli beitelag	Viltkamera, 2012	8 000
	<b>Samla sum</b>		<b>27 000</b>

Kjelde: FMLA

**BU-midlar gjennom Innovasjon Norge**

Kontoret har ei viktig informasjonsrolle for dei som ynskjer å søkje om BU-midlar. Søkjarar er, som oftast, i kontakt med kontoret før søknad vert sendt inn. Kommunen v.

landbruksforvaltninga må gje uttale til innleverte søknadar, før handsaming hjå Innovasjon Norge. Kommunen godkjenner ferdige prosjekt og tilviser løyvde midlar.

**Tabell 12 BU-midlar tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot.**

Kommune	Søkjar	Formål	Tilskot	Lånebeløp for rentestøtte	
Lærdal	Kari Sigrun Lysne	Steinomnsbakeri	300 000	500 000	
	Ole Johan Bjørkum	Storfe	163 000		
	Lærdal kommune	Prosjekt sau og utmark	62 500		
Aurland	Sigurd Vikesland	Geitefjøs	900 000	4 300 000	
	Tone Rønning Vike	Etableringstilskot	200 000		
	Anne Karin Hatling	Støslysteri og kafe	115 000		300 000
	Nærøyfjorden gard, feriehytter og camping Olav Stalheim	Geitefjøs	900 000		3 400 000
	Magne Forberg	Økologiske eple	150 000		
	Brekke gard Siver Wangen	Etableringstilskot	250 000		
	Charles Dee Cunningham	Investeringstilskot	350 000		
<b>Sum</b>			<b>3 390 500</b>	<b>8 500 000</b>	

Kjelde: Innovasjon Norge

### **Søknad om avlingssvikt**

Jord- og hagebruksføretak kan søkja om erstatning for betydeleg avlingssvikt som er forårsaka av klimatiske forhold som det ikkje er mogeleg å sikra seg mot.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama ein søknad om avlingssvikt i ÅLA i 2012.

## **2.2 Lokale ordningar – tilskot og fond**

### **Årdal**

#### *Årdal landbruksfond*

Fondskapitalen er på kr 325 000,-. Det vart fordelt kr 15 000,- på 5 søkjarar i 2012. Den totale søknadssummen var på kr 947 437,- Tildelingsfaktoren vart på kr 1,58%.

#### *Kommunalt tilskot til landbruket i Årdal*

Reglane for kommunalt tilskot til landbruket i Årdal er godkjent av kommunestyret i saknr. 38/93. Jf reglane er det løpande søknadsfristar knytt til desse midlane, men for 2012 var det ikkje sett av midlar i budsjettet. Formannskapet handsama likevel 10 søknadar og løyvde midlar til 6 av dei, til saman kr 68 328,-

#### *Viltfond og andre fond*

Viltfond saldo pr 31.12.12 Årdal: kr 283 232,-

Utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 46 356,-

Fiskefond saldo pr 31.12.12: kr 2 709 551,-

- ingen søknadar i 2012

Fond for vilt, fisk og friluftsliv saldo pr 31.12.12: kr 620 446,-

- ingen søknadar i 2012

### **Lærdal**

Lærdal kommune har nærings- og konsesjonsavgiftsfond som mellom anna kan nyttast til investeringar i landbruket. Sakshandsaming av desse søknadane vart i løpet av 2012 flytt over til det nyetablerte næringssselskapet i Lærdal kommune.

Løyvde midlar i 2012:

Bringebær – 1 søknad løyvd kr 60 000,-

Kontoret har ein del arbeid med søknad om kommunalt tilskot til planting av bær både før og etter løyving. Slike saker går vanleg vis over fleire år.

Kjøp av mjølkekvotar: 3 søknadar om tilskot på til saman kr 42 096,10

Viltfond saldo pr 31.12.12 Lærdal: kr 175 900,-

- utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 103 729,-

Fiskefond II i Lærdal saldo pr 31.12.12: kr 772 000,-

-utbetalingar i 2012: kr 255 850,-



## **Aurland**

Aurland kommune har konsesjonsavgiftsfond som mellom anna kan nyttast til tiltak innanfor landbruk. I 2012 har me handsama to søknadar om tilskot til kjøp av mjølkekvote, det er søknadar frå geitebønder. Det er løyvd kr 60 165,- til kjøp av mjølkekvote.

Viltfond saldo pr 31.12.12 Aurland: kr 92 600,-  
-utbetaling etter søknad og avtalar til Aurland ettersøksring kr 23 300,- og Aurland hjorteutval kr 10 000,-

Skotpremie på rev og mink i Aurland. Kontoret tilvisar skotpremie, mot framlagd ”bevis”. I 2012 var det utbetalt kr 4 250,-.

## **3 Lov og regelverksforvaltning**

### **3.1 Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaking**

#### ***Konsesjon og buplikt***

Konsesjonslova skal regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og slike eigar og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet. Kommunane si oppgåve er å handsame søknadar om konsesjon på erver av fast eigedom, følgje opp eigedomar med buplikt m.m. Dette er ofte tidkrevjande og komplekse saker. Arbeid med oppfølging av buplikt har ikkje vore prioritert.

#### ***Jordlova med forskrifter***

Formålet til jordlova er å legge tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, dersom ein ikkje kan driva arealet sjølv kan det drivast av andre gjennom avtale om utleige. Kommunane skal føre tilsyn med at driveplikta vert overhaldd. Felles Landbrukskontor ÅLA har ikkje hatt høve til å prioritere dette arbeidet i 2012.

Søknad om omdisponering vert ofte handsama som ein del av ein søknad om bygging med heimel i plan- og bygningslova eller søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Dette er saker som vi løyser i samarbeid med kommuneadministrasjonen elles.

Forskrift om nydyrking og forskrift om bygging av landbruksveg er heimla i jordlova.

Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav er heimla mellom anna i jordlova.

#### ***Lov om forpaking***

Jf. lov om forpaking skal avtaler om forpaking leggjast fram for kommunen for godkjenning.

Tabell 13 Tal saker jordlov, konsesjonslov og lov om forpaktning i ÅLA

	Årdal	Lærdal	Aurland
Konsesjon	1	0	4
Driveplikt §8a	0	3	0
Omdisponering §9	0	3	4
Deling §12	1	4	1
Landbruksveg	0	5	4
Nydyrking	0	4	1
Søknad om utsett frist for spreiding av husdyrgjødsel	0	4	6
Forpaktning	0	2	0
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>25</b>	<b>20</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 3.2 Skogbruk – diverse

Ulike spørsmål, søknadar og problemstillingar er handsama innanfor skogbruksforvaltninga i 2012. På grunn av uveret ”Dagmar” har det vore aukande aktivitet i skogbruket, og av den grunn vorte handsama søknadar om midlar til ulike tiltak, og bygging og utbetring av vegar i 2012.

Fylgjande tal syner aktiviteten:

#### Skogkultur:

Tabell 14 Tilskot til skogkultur i ÅLA

Kommune	Tiltak	Tilskot
Lærdal	Planta 950 stk juletre kostnad kr 13 740	0
Aurland	Energiflis	26 045

Kjelde: FMLA

#### Avvirking:

Tabell 15 Skog avvirkning i Årdal og Lærdal i m<sup>3</sup> og kroneverdi

	Årdal		Lærdal	
	tal/m <sup>3</sup>	kr	tal/m <sup>3</sup>	kr
Gran industrivirke	-	-	104	24 301
Furu industrivirke	4059	1 114 091	2 229	650 689
Juletre	-	-	665	154 400
<b>Total verdi</b>		<b>1 114 091</b>		<b>829 399</b>

Kjelde: FMLA

#### Vegprosjekt i Lærdal

Tabell 16 Tilskot til skogsvegprosjekt i Lærdal

Vegprosjekt	Løyvd	Utbetalt
Livegen	240 000	10 800
Fuglamyrvegen	487 000	269 154
Tømmerkai – Frønningen	235 308	204 168
Stølen – Lyarhaug P1 og P2	300 000	228 900
Olderbø – Masgjer	413 365	333 365
LUF – tilskot til vegprosjekt	268 000	204 074
<b>Totalt</b>	<b>1 530 308</b>	<b>1 250 471</b>

Kjelde: FMLA

#### Skogfond – innbetalingar

Tabell 17 Skogfond innbetalinger i Årdal og Lærdal.

	Årdal			Lærdal		
	Stk	m <sup>3</sup>	Total	Stk	m <sup>3</sup>	total
Juletre- stk	-	-	-	665	-	665
Tømmer i m <sup>3</sup>	-	4059	4059	66	2 267	2 333
Bruttoverdi	-	1 114 091	1 114 091	169 748	659 651	829 399
<b>Skogfond</b>	-	<b>111 126</b>	<b>111 126</b>	<b>15 615</b>	<b>224 852</b>	<b>240 466</b>

Kjelde: FMLA

### 3.3 Viltlova

#### *Fellingsløyve elg/hjort/rådyr*

Fellingsløyve vert tildelt etter administrativt vedtak i samsvar med forvaltningsplan for hjortevilt.

Tabell 18 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	14	173	0	4	109	0	34 450
Lærdal	24	601	1	4	316	0	101 650
Aurland	11	303	0	5	157	0	53 940
<b>Samla</b>	<b>49</b>	<b>1077</b>	<b>1</b>	<b>13</b>	<b>582</b>	<b>0</b>	<b>190 040</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

#### *Oppfølging fallvilt*

Felles Landbrukskontor ÅLA får opplysningar om fallvilt frå ettersøksringane, politiet , E. Oppedal og sønner og andre. Kontoret har ansvaret for å registrera fallvilt i Hjortevilt-registeret og senda inn rapport til SSB.

Tabell 19 Fallviltregistreringa ÅLA 2012\*

	Årdal	Lærdal	Aurland
Påkøyrde hjort/rådyr	5	53	2
Andre årsaker hjort/rådyr	2	23	0
Andre dyr enn hjort/rådyr	4	4	3
<b>Totalt tal registrerte fallvilt 2012</b>	<b>11</b>	<b>80</b>	<b>5</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA \* Kjende tal pr 1.3.13

#### *Vald, valdkart mm*

Digitalisering av valdkart er gjennomført i Aurland i 2012. Planen er å utføre tilsvarande i Lærdal og Årdal 2013.

#### *Jegerprøve*

Det er arrangert jegerprøve i Aurland og Lærdal, der til saman 26 kandidatar tok jegerprøven. Prøven vart arrangert på Aurland barne og ungdomsskule. Det har ikkje vore jegerprøvekurs og prøve i Årdal i 2012.

### 3.4 Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag

Kommunane kan gje dispensasjon frå forbod mot motorferdsel i utmark og i vassdrag. Dispensasjon vert gjeve i medhald av lov, forskrift og lokale retningsliner.

**Tabell 20 Tal dispensasjonar til motorferdsel i utmark pr kommune.**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Helikopter/fly	2	7	11
Snøskuter	1	5	19
<b>Sum saker pr kommune</b>	<b>3</b>	<b>12</b>	<b>30</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 3.5 Naturmangfoldlova

Dei miljørettslege prinsippa skal vurderast i alle saker som kan verke inn på mangfaldet i naturen. I vedtak som gjeld bruk av areal og som kan verke inn på naturen, skal §§ 8-12 i lova vere vurdert. Dersom dette ikkje er gjort, er det sakshandsamingsfeil.

Felles Landbrukskontor ÅLA nyttar Naturmangfoldlova i fylgjande saker:

- Motorferdsel i utmark
- Landbruksveggar
- Viltforvaltning – tildeling av fellingsløyve og godkjenning av vald
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL-søknadar
- Søknad om nydyrking
- Utsett frist for spreining av husdyrgjødsel
- Jordlova – omdisponering §9
- Forureiningslova

#### *Fond – tiltak i utvalde naturtypar*

I medhald av naturmangfold er det peika ut utvalde naturtypar. Fond tildelt utvalde naturtypar i Lærdal kommune kr 100 000. Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som har ansvar på ordning, i nært samarbeid med kommunane.

### 3.6 Andre lovar

Felle Landbrukskontor ÅLA gjev landbruksfagleg vurdering i samband med saker etter PBL, vassressurslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova. Omfanget av dette arbeidet er varierande.

## 4 Andre oppgaver og tiltak

### **Planarbeid**

Felles Landbrukskontor ÅLA har medverknad, kjem med innspel og deltek i planprosessar for m.a. fylgjande planar:

Regionalplanar  
Kommuneplanar  
Reguleringsplanar  
Forvaltningsplanar  
Skjøtselsplanar  
Verneplanar  
Næringsplanar

### **Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda**

Kontoret har arbeid opp mot verneområdestyre for Nærøyfjorden, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap og verdsarvbøndene. I 2012 vart det betalt ut kr 2 238 260,- i verdsarvmidlar til verdsarvbøndene. Kontoret samarbeidar med fylkesmannen for kontroll og oppfølging av desse midlane.

I 2012 vart det skipa til markdag i verdsarvområde (Undredal) med skog som tema. Dette var eit samarbeid mellom Fylkesmannen si landbruksavdeling og Felles Landbrukskontor ÅLA.

### **Veterinærvakt**

Felles Landbrukskontor ÅLA tilviser løyvde midlar til veterinærvakta. Kontoret administrerer og dei kommunale midlane.

Kommunalt tilskot:

Årdal: kr 100 000,-

Lærdal: kr 200 000,-

Aurland: kr 100 000,-

Statleg vakt og administrasjonstilskot: kr 691 295,-

### **Verneområde**

Kontoret er involvert i ulike saker innanfor verneområda i dei tre kommunane. Dette gjeld fylgjande verneområde:

Bleia naturreservat  
Bleia og Storebotn landskapsvernområde  
Hallingskarvet nasjonalpark  
Grånosmyrane naturreservat  
Jotunheimen nasjonalpark  
Kvitingsmorki naturreservat

Norheimsdalen naturreservat  
 Nærøyfjorden landskapsvernområde  
 Utladalen landskapsvernområde

### **Informasjon**

Det vert sendt ut infoskriv til grunneigarane og lagt ut informasjon på heimesida til kontoret fortløpande.

Kontoret har dageleg spørsmål av ulikt slag både via e-post, telefon og besøk på kontoret.

### **4.1 Prosjekt sau og utmark**

Felles Landbrukskontor ÅLA har saman med sauenering og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, utarbeidd ein prosjektplan for utvikling av saueneringa i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland. Fylkesmannen meiner dette prosjektet vil gje eit løft for saueneringa i dei tre kommunane, og har gjeve tilsegn på kr 62 500,- for 2012.

Dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har no løyvd midlar til prosjektet og valt folkevald medlem til styringsgruppa. Frå Årdal kommune deltek Ingvill Eldegard, frå Lærdal kommune deltek Anders Voll Eltun og frå Aurland kommune deltek Audhild Rogdo.

**Tabell 21 Kostnad og finansiering av prosjektet**

<b>Kostnad</b>	<b>Sum</b>
Prosjektmedarbeidar 60% i 4 år (løn og sosiale utgifter)	<b>1.400.000</b>
Kontorutgifter (kontorlokale, utstyr og material)	<b>70.000</b>
Kompetanseutvikling – kurs, fagturar og liknande	<b>250.000</b>
Administrasjon (møter, køyregodgjeriing, telefon, kopiering, porto, servering)	<b>250.000</b>
Diverse	<b>30.000</b>
<b>Samla kostnad</b>	<b>2.000.000</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Prosjektleder Jostein Vonheim er tilsett i 60% stilling i 4 år. Han tek til i stillinga 1.mars 2013. Årdal, Lærdal og Aurland er prosjekteigar, og prosjektansvarleg er Felles Landbrukskontor ÅLA.

## 4.2 Gardskart prosjekt

Statens Landbruksforvaltning har bestemt at gardskart skal nyttast som kontrollgrunnlag for areal- og kulturlandskapstilskot frå staten i framtida. Det er arealet som står på kartet som vil verta gjeldande areal i tilskotssamanheng.

Felles Landbrukskontor ÅLA fekk tilsendt kart for utsending til alle grunneigarar av registrerte landbrukseigedommar i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland i desember 2010/januar 2011. Det vart sendt ut totalt 72 kart i Årdal, 250 i Lærdal og 200 i Aurland.

Etter to rundar med purringar i alle kommunane mangla det svar frå 11 i Årdal, 21 i Lærdal og 40 i Aurland.

På dei utsendte karta kunne det vera feil i eigedomsgrenser, arealklasse eller det kunne mangla teigar. Feil i arealklasse vart vurdert og eventuelt korrigert av tilsette ved Felles Landbrukskontor ÅLA, medan feil i eigedomsgrenser og eigarar vart retta av plan og oppmåling i kommunane. Det har vore hovudfokus på dyrka mark i denne omgangen. Ajourhald av karta skal vera ein kontinuerleg prosess framover.

Kommunen hadde frist til 31.5.12 i Årdal og 30.9.12 i Lærdal og Aurland med å gjera ferdig rettingane i karta. Grunna store problem med kartprogrammet vart fristen i Lærdal og Aurland utsett til 31.12.12. Korrigert markslag vart innsendt 29.5.12 i Årdal og 17.12.12 i Lærdal og Aurland.

I Årdal skulle dei nye kartgrunnlaga og arealtala nyttast frå søknad om produksjonstilskot hausten 2012, og hausten 2013 i Lærdal og Aurland.

Det har gått med mykje tid til å vera ute på synfaringar i Lærdal og Aurland i 2012. Grunna oppgradering av kartprogrammet og påfølgjande problem tok det ekstra mykje tid å få lagt inn rettingar.

Det var mykje som skulle rettast og det skulle noko til at alt vart rett. Me har funne ein del feil og manglar, som må rettast opp no i etterkant.

Alle bør sjekka karta sine og eventuelt gje beskjed viss de finn noko feil so skal me sjå på det att.

Solgun Haugen har vore prosjektleiar og Gunnstein Husdal har vore engasjert i 34 % stilling som prosjektmedarbeidar.

**Tabell 22 Kostnad og tidsbruk i samband med Gardskartprosjektet i ÅLA**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Totalt tal timar Gunnstein	188,47	481,43	434,32
Totalt tal timar Solgun	97,2	175,17	164,28
<b>Totalt kostnad</b>	<b>97 679,35</b>	<b>224 703,17</b>	<b>206 279,38</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA